



131

Driftsresultat (83)

117

Resultat før skatt (60)

423

Kraftproduksjon GWh (534)

618

Omsetning (540)

3 566

Totalkapital (2 869)

37

Eigenkapitalprosent (34)

Rekneskap 2. tertial 2021

Rekneskapen pr. 2. tertial 2021 syner eit driftsresultat på 130,7 mill. kr (83,3) og eit resultat før skatt på 117,2 mill. kr (59,9). Omsetninga vart 618,3 mill. kr (539,8), totalkapitalen er 3 566 mill. kr (2 869) og eigenkapitalprosenten er 37,0 (33,8). Netto finans syner eit resultat på -13,5 mill. kr (-23,4). Tilsvarande tal for 2. tertial 2020 står i parentes.

Konsernet har ein auke i driftsresultatet på 47,4 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2020. Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er høgare kraftpris som gir betre resultat innanfor kraftproduksjon. Mørenett og dei andre forretningsområda viser negativ resultatutvikling samanlikna med same periode i 2020.

Netto finans viser -13,5 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er 9,9 mill. kr betre enn på same tidspunkt i fjor. Hovudårsaka til resultatbetringa er urealisert effekt av kursendring på eurolån. I tillegg kjem auke i marknadsverdi på euroNOK rentebyteavtale, som følgje av styrka kronekurs.

Skattekostnaden er estimert til 49,5 mill. kr (11,6) og 25,7 mill. kr (9,3) overskotsskatt. Grunna høgare kraftproduksjonsinntekter er grunnrenteskatten estimert til 21 mill. kr meir enn i 2020. Skattekostnaden utgjer samla om lag 42 prosent av konsernresultatet (19). Resultatet etter skatt er 67,7 mill. kr, som er 19,3 mill. kr betre enn ved 2. tertial 2020.

Investeringar i varige driftsmiddel er på om lag 146 mill. kr (151), i hovudsak fordelt på nett med 61 mill. kr, IKT med 59 mill. kr og kraftproduksjon med 23 mill. kr.

Energiselskapet Stryn

Ultimo april vart det vedteke i generalforsamlinga i Tussa Kraft og kommunestyret i Stryn å fusjonere Energiselskapet Stryn og Tussa Kraft frå 1. juli, og med rekneskapsverknad frå 1. januar 2021. Dei ulike forretningsområda frå Energiselskapet Stryn vil så bli slege saman med tilsvarande i Tussa. Det er rekna med at dette er slutført i løpet av 2021. Resultatskaping i første halvår er lagt direkte til eigenkapitalen, for juli og august er bidraga ført i resultatrekneskapen.

Balanseendringar

Totalkapitalen er auka med 697 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Av dette har om lag 450 mill. kr samanheng med kjøpet av Energiselskapet Stryn. Vidare gjeld 50 mill. kr aksjar i Wattn som er bokført til verkeleg verdi. Resterande endring kjem av at investeringar er 120 mill. kr høgare enn avskrivningane i perioden, og delar av dette er finansiert med gjeld. Det er også stilt om lag 38 mill. kr større sikkerheit til Nasdaq i samband med høg kraftpris. Det er også sett av 37,6 mill. kr meir i skattekostnad i 2. tertial i år i forhold til same periode i fjor. I tillegg er resultatet i perioden lagt til eigenkapitalen.

ENERGI

Kraftproduksjon

Akkumulert driftsresultat for kraftproduksjon er 73,6 mill. kr pr. 2. tertial, mot 3,5 mill. kr på same tid i fjor. Av dette er 3,2 mill. kr knytt til Stryn Energi/Innvik Kraftverk.

Akkumulert kraftproduksjon for Tussa Energi/Sunnmøre Energi er på 422,7 GWh (533,7). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 105 prosent av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 80 prosent (137) av normalen. Magasinfillinga ved utløpet av tertialet var på 51 prosent.

Gjennom andre tertial har kraftmarknaden stadig tilspissa seg og kraftprisane er høge. Dette skuldast dels at 2021 har utvikla seg til å verte eit tørrår og dels særst høge kraftprisar i Europa grunna lite vind og stadig høgare gassprisar. Året starta med god magasininfylling, men ein kald ettervinter og eit tørt sommarhalvår set no spor.

Den hydrologiske balansen i Norden ved tertialsiftet er minus 17 TWh og spotprisane er sterke og stigande. Trass høg spot (40,3 øre/kWh) i NO3 (Nordfjord, Sunnfjord, Møre og Romsdal og Trøndelag) er området likevel del av det svakaste prisområdet i Europa saman med Nord-Noreg og Nord-Sverige. Prisområda har eit strukturelt kraftoverskot og for svakt nett mot sør. Pr. 2. tertial ligg NO3 7,4 øre under systempris medan NO1 (Søraust-Noreg) ligg 4,8 øre over systempris og differansane har auka i perioden.

Perioden har vore prega av planarbeid for oppgraderingar og rehabiliteringar av kraftverk, dammar og vassvegar, mellom anna Nettet kraftverk og Sørbrandal kraftverk, revurderingsrapportar og tekniske planar for rehabilitering av fleire dammar.

Ferdigstilling av Osdalen kraftverk med ny luke og nytt lukehus ved Grøndalsvatnet er utført. Som følge av dette har vi hatt låg vasstand i Grøndalsvatnet i sommar.

Vi har starta arbeidet med å planleggje utskifting av kontroll- og apparatanlegg i Åmela kraftstasjon, som vi tek sikte på å setje i drift våren 2023. Elles har vi hatt ein mindre driftsstans i Åmela i sommar for reparasjon av eit lager. Stansen medførte ikkje tap av inntekter.

Konsesjonssøknaden for Skår minikraftverk i Hjørundfjorden er no til handsaming i Ørsta kommune. Det er venta avgjerd i løpet av hausten.

Kraftomsetning

I samband med kjøpet av Energiselskapet Stryn, vert også resultatet for kraftomsetninga deira i juli og august konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap pr. 2. tertial. Dette utgjer eit driftsresultat på 0,4 mill. kr. Det er planlagt at kraftomsetninga til Stryn Energi vil verte selt til Wattn i november i år.

Kraftnett

Frå 1. juli 2021 er Tussa sin eigardel i Mørenett endra frå 46,34 prosent til 49,32 prosent, grunna overtakinga av Energiselskapet Stryn. Mørenett er framleis felleskontrollert, og Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Rekneskapan for Tussa sin eigardel i Mørenett viser eit driftsresultat på 31,7 mill. kr (42). Driftsresultatet har ei negativ utvikling, og hovudårsaka er at selskapet har lågare tildelt inntektsramme i 2021 enn i 2020.

Det har vore god utførande aktivitet i nettet, både når det gjeld drift, vedlikehald, ny- og reinvesteringar. Tussa sin del av investeringane i kraftnettet til Mørenett pr. 2 tertial er om lag 61 mill. kr (56,8). Det er mange prosjekt knytt til elektrifisering og det grønne skiftet, men også nett som må fornyast. I regionalt distribusjonsnett er det største prosjektet fornying av Giskemo transformatorstasjon. Dei største prosjekta i distribusjonsnettet er reinvestering av luftlinjer i Dalsfjorden og på Fiskå.

Mørenett kjøpte Brenett AS av Tussa i juli, og selskapet er i gang med integrasjonen og planlegg fusjon mot slutten av året. Rekneskaperen til Brenett viser eit driftsresultat på -0,7 mill. kr, og reduserer dermed det samla driftsresultatet til kraftnett til 31,1 mill. kr.

IKT

Driftsresultatet for Tussa IKT er 25,1 mill. kr (26,6) pr. 2. tertial.

Ved utgangen av tertialet var det levert fiber til 13 106 hushaldningar (11 647) og 900 bedrifter (776). Samla kundemasse over alle teknologiar er 14 400 hushaldningar (13 574) og 1 066 bedrifter (993). Hittil i år har investeringane vore på 59 mill. kr (57,5).

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein auke i ekstern omsetning på 6,8 mill. kr, noko som utgjer 8 prosent vekst frå same tid i 2020. Privatmarknaden, med produktområda internett og TV står for det meste av auken.

Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet IT ein auke i den eksterne omsetninga på 7,9 mill. kr samanlikna med 2. tertial 2020. Dette gir ein vekst på 16 prosent. Hovudårsaka til dette er auke innanfor IT-avtalar og konsulenttenester.

Fiberdelen av Stryn Energi vert fusjonert med Tussa IKT i 3. tertial. Driftsresultatet frå fiberdelen i Stryn Energi for juli og august er 0,4 mill. kr.

INSTALLASJON

Driftsresultatet for installasjon var 1,6 mill. kr (4,7) pr. 2. tertial. Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet ein auke i omsetninga på 22,7 mill. kr samanlikna med 2. tertial 2020.

I marknadsområda som er knytt til større byggjeprojekt er konkurransesituasjonen framleis hard. Vi ser ei negativ utvikling i varekostnader ettersom råvareprisane på kablar og materiell stig unormalt mykje, noko som diverre påverkar driftsresultatet i 2021.

Innanfor servicemarknaden er det stor aktivitet, både mot næringskundar og privatkundar, og vi forventar høg aktivitet ut året. Det er også stor aktivitet knytt til fiberutbygginga for Tussa IKT.

Selskapet har lukkast med å signere fleire større prosjekt for levering i 2021/22, og i tillegg vert det rekna på fleire større, interessante prosjekt for oppstart/levering i 2022.

UTSIKTER FOR 2021

Den gjennomsnittlege kraftprisen på NordPool pr. 2. tertial er høg, og Nasdaq-børsen indikerer at prisane vil vere høge ut året. Samstundes er det forventa lågare produksjon enn normalt. Samla vert det forventa ein auke i driftsresultatet for kraftproduksjonen frå 2020 på om lag 70 mill. kr.

Dei andre forretningsområda er forventa å levere likt eller litt lågare resultat enn i 2020. Rentnivået er framleis svært lågt, noko som over tid vil ha positiv effekt for kapitalintensiv verksemd med god soliditet.

For ordinære driftsaktivitetar er det totalt sett forventa ein betydeleg resultatauke for 2021 samanlikna med 2020. Grunna høge kraftprisar er det venta at skattekostnaden vert vesentleg større enn i fjor. I 2020 hadde Tussa store eingongseffektar av skattefrie sal av aksjar, det er det ikkje i år. I sum vert det forventa eit resultat etter skatt under det som vart levert i 2020.

Rekneskap Tussakonsernet

Tal i tusen kr

Resultat 2. tertial	2021	2020
Salsinntekt	247 680	212 732
Energisal	195 198	158 825
Nettinntekt	165 361	159 969
Anna driftsinntekt	10 080	8 295
Sum driftsinntekter	618 319	539 820
Varekostnad	76 825	62 271
Energikjøp og overføringskostnad	96 135	109 348
Lønskostnad	143 159	123 487
Anna driftskostnad	73 992	68 683
Sum driftskostnad før avskrivning	390 111	363 789
EBITDA	228 208	176 032
Avskrivning/nedskrivning	97 530	92 724
Driftsresultat	130 678	83 308
Netto finans	-13 460	-23 360
Resultat før skatt	117 218	59 947
Estimert skattekostnad	49 519	11 578
Resultat etter skatt	67 699	48 369

Balanse 2. tertial	2021	2020
Anleggsmidler	3 341 511	2 737 544
Omløpsmidlar	224 373	131 075
Sum egedelar	3 565 884	2 868 619
Eigenkapital	1 320 048	970 970
Avsetning for forpliktingar	49 181	40 568
Langsiktig gjeld	1 978 309	1 702 574
Kortsiktig gjeld	218 346	154 507
Sum gjeld og eigenkapital	3 565 884	2 868 619

Resultat 2. tertial	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020
Kraftproduksjon	178 371	110 910	104 418	32 516	73 618	3 515	76 098	-16 335
Kraftomsetning	6 941	65 594	411	8 675	409	8 181	426	8 382
Nett	184 404	175 032	60 556	72 199	31 062	42 005	26 279	33 797
IKT	156 999	144 146	61 542	58 428	25 432	26 630	20 219	21 789
Installasjon	108 757	86 045	3 522	6 756	1 632	4 729	1 545	4 698
Andre	22 199	19 289	-2 242	-2 544	-2 583	-2 854	-8 458	6 515
Eliminering	-39 352	-61 196	0	0	1 108	1 103	1 108	1 103
Sum	618 319	539 820	228 208	176 032	130 678	83 308	117 218	59 947